

# PROTOKOLL

<b>REGIONUTVALG MIDT-NORGE</b>	
<b>Møtested:</b>	Quality Airport Hotel Værnes, Stjørdal
<b>Dato/tid:</b>	Tysdag 31. 10. kl 11 – onsdag 01.11 kl 15
	<b>Protokoll: 02/17</b>
<b>TIL STEDE:</b>	
<b>Arbeidsutvalg Midt-Norge:</b>	Lars Morten Rosmo, Olav Håkon Ulfsnes, Kolbjørn Frøseth, Johan Kristian Daling, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Eldnes (dag 1) og Sverre Tyldum (dag 1).
<b>Regionutvalg Midt-Norge:</b>	Kari Anne Sklett, Ole Ivar Ness, Sigmund Johansen, Sigbjørg Ulriksen, Åge Guddingsmo, Kari-Anne Grandanet Jensen, John Olav Halbostad, Tone Sklett, Tormod A. Bergum, Marit Hoff, Konrad Moum, Geir Brede, Jan Petter Jermstad, Line Torill Fjellheim, Ole Edvard Silderen, Tor Martin Eek, Anders Røflo, Ivar Wang, Jørgen Baumfelder, Tore Moksnes, Tomas Vik, Ragnar Valstad, Åge Grenne, Fridtjov Skjerve, Ingrun Sivertsen, Tore Tvette, Arve Okkenhaug, Toril Ofstad Selboe, Olav Hagerup, Halvor Braa, Torleif Slåen, Lars Hoem, Johan Heksem, Sissel Enodd, Stein Aasmund Ørstad, Bård Tore Berntsen, Erik Kalstad, Lars Oddbjørn Størset, Egil Berdal, Inge Hårstad, Ann Steen Dolmseth, Steinar Lium, Kristoffer Moan (dag 1), Morten Stefan Berg (dag 2), Knut Byberg, Ole Sigbjørn Iversen, Kari Årvåg Goa, Yngve Røøyen, Trine Reinfjell Engdal, John Helde, Torill Farstad Vågen, Finn Roger Trodal, Jorunn Karin Kvernen og Jan Edvin Hoem.
<b>Valgkomité Midt-Norge:</b>	Halvor Braa, Stein Aasmund Ørstad, Kåre Aakre, Jan Arne Skarsvaag og Jorunn Gunnerød.
<b>Andre:</b>	Arne Magnus Aasen (dag 2, sentral valgkomité) og Terje Rømme (kontrollkomitéen)
<b>Forfall:</b>	Paul Woxeng Sollid (vara Sigbjørg Ulriksen møtte), Svein Åge Frisendal, Tore Rennan, Jostein Omli, Torfinn Sivertsen, Audun Morken, Håkon Fiskvik (vara Åge Grenne møtte), Geir Håvard Valstad, Jens Gunnar Fløttum (vara Sissel Enodd møtte), Astrid Helen Gunnesmo (vara Stein Aasmund Ørstad møtte), Eli Rostad Solhus, Torbjørn Flenstad, Jens Harald Steen, Stein Heggset (vara Yngve Røøyen møtte), John E. Fiske, Tomas Øverås, Lars Konrad Bolli, Per Magnus Borten Moe (årsmøteutsending og vara AU kylling), Jørgen Sæther (årsmøteutsending), og Oddveig Gikling-Bjørnå (konsernstyret).
<b>Konsernstyret:</b>	Per Heringstad
<b>Administrasjonen:</b>	Hans Thorn Wittussen, Roy Albertsen, Arnodd Kjenstadbakk, Silje Laugsand Pynten, Bjørn Wæhre, Magne Trondmo, Brit Våga (dag 1), Pia Mathilde Kjøteles (dag 1) og Brit Kari Eidseflot Hauger
<b>Referent:</b>	Brit Kari Eidseflot Hauger

Sak nr	Sak
1	<p><b>Konstituering av møtet</b></p> <p>Lars Morten Rosmo ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop.</p> <p>Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innkalling og sakliste vart godkjent.</b>  <b>Torill Farstad Vågen og Egil Berdal vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</b></p>

<p><b>2</b></p>	<p><b>Regionutvalsleiar sin tale</b></p> <p>Lars Morten Rosmo framheldt at å vere samvirkebonde er å vere både bonde og leverandør. Samvirke er ein avgjerande pillar i den norske modellen. Det er viktig at samvirke vert drive lønsamt. Nortura må vere synleg som bedrift og med merkevarane, for politikarane, forvaltninga og forbrukarane. AU har sendt brev til styret om at Nortura bør delta på Trøndersk Matfestival. På Agrisjå var vi synlege med mykje besøk. Utfordring at vi snart er i taket på alle kjøtslag. Må sjølv ta ansvar for å utvikle produksjonen i vår region, slik at vi har dei produkta som vert etterspurt.</p>
<p><b>3</b></p>	<p><b>Økonomi- og driftsorientering</b></p> <p>Per Heringstad orienterte om resultat 2. tertial og hittil i år. 100 mill i svekka EBITDA i 2. tertial isolert. Hovudtrekk 2. tertial. Vidare om kor langt vi er komne i NOVA-prosjektet, som er innføring av ny IT-plattform. Dom i Covi-saka. Nortura seier opp avtalen med Islamsk Råd Norge. Framtida for Opplysningskontoret for egg og kjøt. Fortsatt moglegeheiter for Råd for Marknadsbalansering. Ny teljedato 1. oktober ga oss nokre utfordringar på storfe. God utvikling i produksjonen av storfekjøt. Totalmarknad storfekjøt. Hamnar storfe i sauefella? Langtidsutsikter for marknaden for sauekjøt. Totalmarknad gris og tiltak for eit skikkeleg griseløft. Totalmarknad sau og lam. Jamn kvalitet på lamma i haust. Sal av stykka kjøt veldig bra i september, men ser ut til å stagnere raskare i år enn i fjor. Utvikling i engrospris og avrekningspris 2015-2017 på sau. Kva kan gjerast for å få balanse i marknaden for sau/lam.</p> <p>Hans Thorn Wittussen orienterte om strukturendringar knytt til anlegga, effektivitetsutvikling for slakting og skjering av gris. Vidare om Nortura og det grøne skiftet på fabrikkane, transport, matsvinn, klimasmart landbruk og plussprodukt. I drift ein visjon om null skader. 5 viktigaste fokusområda for Nortura egg, omstilling eggproduksjonen og eggmarknaden. Store utfordringar på kylling, utvikling totalmarknad og status omstilling kylling.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar frå fylgjande:</u> Ingrun Sivertsen, Sigmund Johansen, Bård Tore Berntsen, Kolbjørn Frøseth, Ragnar Valstad, Finn Roger Trodal, Tormod Bergum, Jørgen Baumfelder, Yngve Røøyen, Halvor Braa og Kåre Aakre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva skuldast auka personalkostnad?</li> <li>• Kva skuldast dårleg innfriing av kylling hos Norgesgruppen? Er det dårleg avtaleskriving?</li> <li>• Har vore sagt at det er marknadssituasjonen for sauene som skuldast det dårlege økonomiske resultatet. Kor mykje av det negative resultatet skuldast marknadssituasjonen?</li> <li>• Vart sagt at vi er handlingslamme pga låst kapital. Kva ligg i det?</li> <li>• Vert påført kostnad pga endring i emballasje. Naturleg at kjedene tek ein del av kostnaden?</li> <li>• Bekymring for storfekjøtproduksjonen. Snakk om 10 % redusert kvote pga Jarlsbergproduksjon. Er dette lagt inn i prognosene?</li> <li>• Har vi styring på varene vi leverer ut med framskutt lager. Går det an å ta att eigendistribusjonen? Vi har vorte mindre fleksible på kva som kan takast ut av grossistlager. NRF-kua må fokuserast på som miljøvenleg, for auka forbruk.</li> <li>• Grønsaksbønder slit med vekstskifte pga av at grasbønder ynskjer arealet for grovførbasert husdyrproduksjon.</li> <li>• Er ingen kjeder i dag som vil ha Edelgrisen. Spørsmål om engrospris i forhold til slaktekostnad.</li> <li>• Spørsmål om Cowi-saka og avvik mellom kostnadsoverslag og sluttresultat.</li> <li>• Kan de seie noko om omstillingsbidraget frå Norgesgruppen på egg? Har dei einrett på egg. Omstilling på rugeegg, er det planlagt overgang til konsumegg? Er overgang frå kylling til egg.</li> <li>• Finn ikkje att produkta våre i butikk, m.a. marinert grillribbe. Dårlege selgarar? Kjedene som bestemmer? Bra med satsing på miljøperspektivet, forundra over oljefyring på ein del anlegg. Krav frå 2020? Dyrare med flis kontra olje?</li> </ul>

	<p>Per og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b><u>Vedtak:</u></b> <b>Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</b></p>
<b>4</b>	<p><b>Orientering om status kylling i Midt-Norge</b></p> <p>Hans Thorn orienterte om potensielle posisjonar i kjedene i 2018, foreløpig salsvolum 2018, Vidare om samarbeid og samtalar med Norsk Kylling/Rema. Nortura ynskjer langsiktige og varige løysingar for kylling i Trøndelag. Arbeidet med konseptet Nidaroskylling, kylling på Trøndersk vis.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Arve Okkenhaug, Johan Kristian Daling, Marit Hoff og Kolbjørn Frøseth.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har deltatt i arbeidet med Nidaroskylling mot Coop. Er Norgesgruppen aktuell? Nortura kjennest som ein bremsekloss på «one to born»-klekkinga. «One to born» er veksande i Nederland. Må marknadsførast. Er det samtalar mellom Norsk Kylling og Nortura no?</li> <li>• Betre å køyre færre innsett enn å kjøpe ut fleire produsentar, for beredskap med fleire produsentar. Saktevoksende kylling brer truleg om seg. Lite tilfredsstillande situasjon med levering av kylling til Elverum. Må fortsette samtalar med Norsk Kylling, også i fht Nidaroskylling.</li> <li>• Storhusholdning og institusjonar må vere ein marknad for kylling?</li> <li>• I Rogaland har vi Den stolte hane, korleis er situasjonen der med marknadsandelar og sal? Rykter om at kyllingprodusentane har inngått avtale om ikkje å bygge nytt.</li> </ul> <p>Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmålet.</p>
<b>5</b>	<p><b>Tema: Regionale matspesialitetar</b></p> <p>Borgny Grande frå Landbruk 21 orienterte om eit regionalt innovasjonsprosjekt under etablering, kalla auka verdiskaping frå midtnorsk kjøttproduksjon: Bakgrunn, mål, organisering, medlemar av arbeidsgruppene, kva skal skje i prosjektet, forventa resultat av prosjektet og finansieringa.</p> <p>Hans Thorn orienterte om lokale konsept i regi av Kjøttcompagniet i Midt-Norge. Lokalmat og matspesialitetar er ein megatrend. Nortura er Norges største produsent av lokalmat.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Arve Okkenhaug, Sigmund Johansen, Ingrun Sivertsen og Kolbjørn Frøseth.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Har tru på lokal mat, marknadsføre gardane og produksjonen vår, med gode bilete.</li> <li>• Rett med satsing på regionale matspesialitetar, synest vi kjem seint i gang. Ser no at etterspurnaden er redusert. Som namdaling skeptisk til Nidaros-namnet.</li> <li>• Viktig prosjekt, dersom vi vert med på Trøndersk Matfestival kan vi også vise fram produkta våre der.</li> <li>• Målet må vere meir volum og pris. Meirverdien må kome både eigar og Nortura til gode.</li> </ul> <p>Borgny og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<b>6</b>	<p><b>Tema: Produktutvikling og marknadssituasjon egg og sau/lam</b></p> <p>Bjørn Tore Hansen orienterte om at egg er ein magisk råvare, med potensiale for verdiuttak på egg i den norske marknaden. Vidare mål og prioriterte område for Nortura Egg i verdikjedeplanen 2018 – 2020. Omstilling av primærproduksjonen. Arbeidet med FoU, innovasjon og</p>

	<p>produktutvikling for eggprodukt 2017 – 2020. Nye produkt til daglegvare og storhusholdning. Gode eggambassadørar. Teknologi og kompetanse 2018 – 2020.</p> <p>Hans Thorn orienterte om leveransane av lam i haust frå Midt-Norge, utvikling i slakting av ung sau/sau og sal av heile saueslakt til industrikundar. Logistikk for salsstyring av småfeåret. Ulike produkt av sau og lam.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Marit Hoff, Jan Petter Jermstad, Kari-Anne Grandaunet Jensen, Ragnar Valstad, Anders Røflo, Sigmund Johansen, Kåre Aakre, Jorunn Karin Kvernen, Tormod Bergum og Bård Tore Berntsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Felleskjøpet har hatt eige møte for hobbyhønsbrukarar. Visest det på salstala våre, har vorte ein betydeleg produksjon.</li> <li>• Fekk servert hamburger og pølse av lam på fjøsopning, var eit fantastisk produkt!</li> <li>• Kva med å utvikle oppskrifter på restemat, for å utnytte resten av lammelåret.</li> <li>• Kva med relansering av sodd, som inneheld mykje sau.</li> <li>• I vinter mykje reklame for sau og lam, men no i haust har det vore lite.</li> <li>• Heil, ikkje oppskore, spekepølse er etterspurt,.</li> <li>• Saknar fokus på nettsal.</li> <li>• Bestilling av heile slakt av sau, kvifor er det vanskeleg? Ikkje eingong retur? Same produkta av sau som på lam, som kjøtdeig og kjøtbollar?</li> <li>• Vart intervjuet av NRK om sau, på bakgrunn av låg sauepris. Fekk mange tilbakemeldingar frå folk som ynskte å kjøpe sau. Er det Nortura eller er det kjedene som er bremsen?</li> <li>• Må reklamere for netthandel, som mogeleg kanal for heile og halve slakt</li> <li>• Vil utfordre om å sjå i glaskula for marknadssituasjonen og prisløype 2018. Viktig kva signal som vert gjeve fram mot jordbruksavtalen.</li> </ul> <p>Bjørn Tore og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
7	<p><b>Separate møter for kvart dyreslag</b></p> <p>AU-medlemene for kvart dyreslag orientere frå fagutvala sine, og deretter vart aktuelle saker tatt opp og drøfta.</p>
8	<p><b>Strategiprosessen</b></p> <p>Per orienterte om hovudpunkta i Nortura sin strategiplan for 2018 og 2019. Fyrst om bakteppet med kva som skjer rundt oss. Vidare om dei 5 hovudpilarane i strategiplanen: Styrking av grunnfjellsposisjonane, auka verdiskaping gjennom verdikjedeoptimalisering, realisering av viktige kundeavtalar, konkurransekraft gjennom innovasjon, redusere og handtere kompleksitet, samt auke fokus.</p> <p>Brit Kari ga ei oppsummering frå høyringa i kretsutvala. Heile 20 av 25 kretsar har kome med innspel.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Ragnar Valstad, Sigmund Johansen, Tone Sklett og Morten Stefan Berg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Positivt med høyring, skaper aktivitet og samhold i kretsane, vi vert brukt til noko.</li> <li>• Kontraksproduksjon er peika på som mogelegheit i vår krets, for tilpassing til marknaden. Vil gje auka inntekt til selskapet. Vi er eit samvirkeselskap, har rasjonalisert bort anlegga, så differensiering i pris i forhold til avstand til anlegg er ikkje bra, heller det du gjer med produksjonen din.</li> <li>• Langtidsinnmelding på avtale, gjerne eit halvt år fram i tid.</li> <li>• Kretsen min var positiv til kontraksproduksjon, dersom det tener Nortura som selskap.</li> </ul>

	<p>Per og Hans Thorn kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p><b>Vedtak:</b>  <b>Innspela frå Regionutvalet oversendast styret.</b></p>
<p><b>9</b></p>	<p><b>Tema: Velferd for dyra og bonden – lever vi opp til reklamen?</b></p> <p>Hans Thorn innleia om kva er god dyrevelferd, kvifor fokus på god dyrevelferd, forbrukar si oppfatning av svinekjøt, bekymringar er prega av mediabiletet, dyrevelferd har vorte viktigare ved kjøp av svinekjøt, tillit vert bygd opp over tid og går veldig fort å rive ned. Vidare at Nortura jobbar saman med produsentane og kundane med dyrevelferd for alle dyreslag. Kva skil oss frå utlandet. No får alle kyllingar frå Nortura og Prior betre velferd. God dyrevelferd for gris. I Danmark har dei også byrja å marknadsføre dyrevelferd. Kva kan vi gjere i Nortura? Griseløftet med revitalisering av Gilde Edelgris. Hovudprioriteringar for svin 2018.</p> <p><u>Gruppeoppgåver:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>Hvilke potensielle "problemområder" knyttet til dyrevelferd ser du innenfor din eller andres produksjoner og dyreslag?</li> <li>Vi hører av og til om dyretragedier og dårlig dyrehold. Hvordan avverge eller forhindre dårlig dyrehold og dyretragedier?</li> <li>Bør god dyrevelferd være et felles kjennetegn for alt norsk husdyrhold, eller er det et område det er mulig å skape konkurransekraft sammen med enkelte butikkjeder og/eller merkevarer?</li> </ol> <p><u>Oppsummering frå gruppearbeidet, som vart presentert av AU-medlemmane:</u></p> <p><b>Kretsane 30 Lierne/Namsskogan/Røyrvik, 31 Ytre Namdal, 32 Sentrale Namdal, 33 Namsos/Fosnes, 38 Verdal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A: Dyrevelferd på gris med halebiting og bogsår. Har skjedd avlsmessig endring som fører til større halebiting. Sau: Rovdyrproblematikken fører med seg store lidingar og tapstal. Små beiteområde gjev smittepress og snyltarproblem. Flått, fluger, skårfeste. Storf: Båsfjøsar dårleg dyrevelferd?, lausdrift med klauvplager og smittepress. Snyltarar. BRSV.</li> <li>B: Godt vi har eit Mattilsyn, men skilnad på personar og korleis det fungerer. Må ha forståing og respekt for kvarandre. Tettare dialog i leinga, slik at kontrollørane er skikka og at eg som bonde ser positivt på besøk av Mattilsynet. Må skilje mellom dårleg dyrehold og dyretragediar. Gris vert kontrollert ved ankomst på Steinkjer, med bot eller advarsel. Kvifor kan ikkje Mattilsynet besøke bruket i staden? Vil heller ha veterinær enn rådgjevar. Mattilsynet har og vil ha stort fokus på fisk og oppdrett. Vi må sjølve setje fokus på tilsyn og dokumentasjon, med personar med fagkompetanse. Tilsynsveterinær til dyregrupper som har lite besøk av veterinær, kanskje 2 gr/år.</li> <li>C:</li> </ul> <p><b>Kretsane 34 Snåsa, 35 Osen/Namdalseid/Flatanger, 37 Inderøy:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A: Dyr som aldri ser dagslys, lufting av kyr utan beiting. Subjektive og objektive vurderingar, tillegge dyra menneskelege eigenskapar, følelsar styrer forbrukar sitt val, framfor kunnskap om produksjonen. Krevande velferd med fulle fjøs, konflikt i forhold til inntening.</li> <li>B:</li> <li>C:</li> </ul> <p><b>Kretsane 36 Steinkjer/Verran, 41 Værnes, 43 Holtålen/Midtre Gauldal:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A:</li> <li>B: Viktig sak, både personlege tragediar og tragedie for dyra, samt omdømme for næringa.</li> </ul>

	<p>Må unngåast. Kylling: Har krav om tilsynsveterinær minst 2 gonger i året. I tillegg Mattilsynet innom for salmonellaprøve og tilsyn, samt KSL-revisjon. Bør også vere for andre produksjonar med lite besøk, t.d. som for slaktegris, sau, spesialisert storfekjøttproduksjon. Gode sosiale nettverk på bygdene for å treffast, kan førebygge.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• C:</li> </ul> <p><b>Kretsane 39 Frosta, 40 Levanger, 44 Oppdal/Rennebu:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Sau: Veterinærkostnad i småfenæringa i fht økonomien i næringa. Klauvhelse (også storfe). Kompetansekultur. Rovdyr. Gris: Halebiting verre ved kjemisk kastrering og ny LZ-purke. Kjemisk kastrering er ikkje bra for dyrevelferden, mislykka dyrevelferdsprosjekt.</li> <li>• B: Generelt meir våkenheit frå naboar. Rådgjeving, men ikkje dyrlegebesøk. Betre at Nortura tek det. Viktig for Nortura, bør prioritere ressursar, t.d. ein time rådgjeving til alle for året, utan å kalle det kontroll eller tilsyn. I tillegg haldningsbygging. Mykje verd for Nortura.</li> <li>• C: For å styrke merkevarene, må det vere ei generell heving av kompetanse og dyrevelferd i Norge. Dersom skilje, bør det vere Nortura og merkevarene som har auka krav. Bevisstgjere produsenten på kva konsumenten vil ha.</li> </ul> <p><b>Kretsane 42 Malvik/Trondheim/Klæbu/Melhus/Skaun, 46 Porten mot havet, 50 Smøla/Aure:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A:</li> <li>• B: Vanskeleg at Nortura som varemottakar er kontrollør, kan skade tilførslane. Kontrollorganet må profesjonaliserast og finansierast eksternt.</li> <li>• C: Unngå dårlege mediaoppslag, vere i forkant, alle dyreslaga må ha fokus på god dyrevelferd.</li> </ul> <p><b>Kretsane 45 Midt, 48 Bjugn/Ørland, 52 Sunndal/Neset/Tingvoll, 53 Hustadvika, 54 Kristiansund/Gjemnes/Sandøy/Midsund/Aukra/Molde:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A: Storfe: Sjuke dyr, klauvhelse, talle kontra spalt, dårleg stell, få dyr i ein binge kan gje meir skitne dyr, men ser godt ut utad, driftsbygningane. Sau: Vaktordning og tilskot til dyrlegane, vanskeleg å få dyrlege til sau, jobb utanfor bruket kontra dyrestell, lite ressursar til dyrepass, utegangarsau og tilsyn, vatn, turr liggeplass. Gris: Avl har gjeve livskraftig rase, men kan verte meir aggressiv og halebiting.</li> <li>• B: Veterinærtilsyn annakvar månad, lokale dyrevernsnemnder</li> <li>• C: God dyrevelferd må vere eit felles kjenneteikn for alt dyrehald, fellesskapet må drage i lag.</li> </ul> <p><b>Kretsane 47 Roan/Åfjord, 49 Fosen sør, 51 Indre Nordmøre:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• A:</li> <li>• B: Gjev det tillit nok at Nortura sjølv har vore og kontrollert? Dersom konkurrent har eksternt tilsyn, vil det vere fordel i sluttmarknaden. Vi bør ha tilsyn to gonger for året, av eksterne.</li> <li>• C: Farleg å setje landet og produksjonar opp mot kvarandre.</li> </ul>
10	<p><b>Arbeidet i kretsane</b></p> <p>Brit Kari orienterte status for pilotprosjektet Ny Giv i kretsarbeidet.</p> <p>Ragnar Valstad orienterte om pilotområdet Frosta, Levanger og Verdal sine erfaringar med pilotprosjektet:</p> <p>Positivt tiltak, fått til fleire aktivitetar i samarbeid, som felles fagmøte for alle dyreslaga. Skal behalde kretsinnendinga. Kretsmøtet skal vere felles, møteplass rullerar no i dei 3 kretsane. Med</p>

	<p>fellesmøte kan dei få meir tyngde på innleiar. Årets møte var ein suksess. Arrangert felles nybrukarmøte. Generelt noko å satse på. Vidare: Fordel å ha adm med på møta, må ha struktur og plan vidare, er drivkrafta. AU-medlem må ha ansvar for dette vidare. Minus: Saknar godtgjersle for kretsutvalsmøta. Godtgjersle etter innsats kan fremme aktiviteten. Redusere fast honorar til kretsleiar.</p> <p>Inge Hårstad orienterte frå pilotområdet Roan/Åfjord, Ørland/Bjugn og Rissa sør: Får lommelykta på oss og må agere, vert trigga til å ordne aktivitet. Viktig med aktivitet og info til næringa, til dei som ikkje kjenner Nortura. Kjenner ansvar for å skape aktivitet. Fokus på turar, møter og info om Nortura. Godtgjersle: Ikkje fast honorar, heller aktivitet leggst til grunn. Kostar å vere engasjert. Vert utfordra dagleg, viktigare enn nokon gong med aktivitet og at vi står samla. Vorte kjende med dei andre kretsane på Fosen. Fungerte ikkje med felles kretsmøte, ynskjer fortsatt separate kretsar, men samarbeid.</p>
<b>11</b>	<p><b>Orientering frå sentral valkomité</b></p> <p>Arne Magnus Aasen orienterte om at ryddigheit, oversikt og tausheit er viktige eigenskapar i eit valkomitéarbeid. Komitéen er i gang med arbeidet, og ynskjer innspel.</p>
<b>12</b>	<p><b>Orientering frå Nortura Steinkjer</b></p> <p>Torben Holm Pedersen orienterte om HMS-utfordringar, og vaskeplass for dyrebilar vert no endra. Vidare om utvikling i antal slakta gris og gjennomsnittsvekt, utvikling i kg pr time på slakting og skjering, utvikling i kostnader pr kg. Resultat 2016 og budsjett 2017. Utvikling sjukefråver. Strategiplan for Steinkjer 2018 – 2020. Vidare vart det vist bilete av skadde slaktegris frå Mattilsynet, av slaktegris med halesår, purke med bogsår, ryggsår og inngrodd klauv.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Jørgen Baumfelder, Kolbjørn Frøseth og Tormod Bergum.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gratulerer med ny vaskehall! Kvifor vert det ikkje gjeve støtte til investeringar med gode utsikter til payback?</li> <li>• Bygningskroppen vil ikkje vere slakteri for evig tid. Løner det seg med investeringar no?</li> <li>• Tidlegare fekk sjåfør bot ved inntransport av skadde dyr, men no er det både sjåfør og bonde? Kor store er bøtene?</li> <li>• Storleiken på bota skaper ikkje medieoppslaget, det er dyret sine lidingar som vert fokus på. Sånne bilete kan vi ikkje ha. Møkk-klaker på storfe er eit anna eksempel.</li> </ul> <p>Torben, Per og Silje Laugsand Pynten kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<b>13</b>	<p><b>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Midt</b></p> <p>Roy orienterte om tilførselstal pr veke 42 og marknadsandel storfe, gris og småfe pr september. Vidare om fokusområde i team storfe, gris og småfe. Ferskt lammesal i daglegvare, og sal av heilt slakt vekene 32 – 42. Inntransport med fokus på betre kapasitetsutnytting, reduserte kostnader og meir miljøvenleg transport. Transporteffektivitet pr 2017. Livdyrformidlinga. Aktivitetsplan 2018.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Ragnar Valstad, Konrad Moum, Jorunn Gunnerød, Anders Røflo, Lars Oddbjørn Størset, Steinar Lium, Åge Guddingsmo og Marit Hoff.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nortura som marknadsregulator får skulda for overskotssituasjonen på sau/lam. Nortura har auka salet sitt, men andre aktørar har tatt ut mindre frå reguleringslager.</li> <li>• Skulle hatt nettløysing for endring av dyr/individnr i innmeldinga før 24 timar.</li> <li>• Henting måndag morgon er vanskeleg, kan ikkje endre individnr i løpet av helga.</li> <li>• Etter ankomst av dyrebil på garden kom transportør på at eg var raud, han skulle hente hos grøn buskap, og ville kome attende etter 2 timar. Korleis er rutinene for henting hos raude</li> </ul>

	<p>og grønne buskpar?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ikkje transport av livdyr og slaktedyr på same bil vel?</li> <li>• Ikkje nøye kven som kjem og hentar dyra mine, men vi skal behandle transportørane pent, det har vore noko uro om forfordeling. Dyrebilsjåførane er viktigaste frontlinja vår.</li> <li>• Endring på regime for ventetid for livkalv? I mitt område lang ventetid, medan andre område har kort ventetid. Gjerast noko for å jamne ut dette? Betaler gjerne meir for kalven for å sleppe tomt fjøs.</li> <li>• Var snakk om mykje tilgjengeleg kalv i Vest pga førsituasjonen. Korleis ligg det an?</li> </ul> <p>Roy og Silje kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>14</b></p>	<p><b>Lokale saker/open post</b></p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Sigmund Johansen, Terje Rømme, Lars Oddbjørn Størset, Ann Steen Dolmseth, Morten Stefan Berg, Tore Moksnes, Jan Edvin Hoem, Marit Hoff, Kolbjørn Frøseth, Åge Grenne, Geir Brede og Kåre Aakre.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vert fylkessamanslåing og kommunesamanslåing. Korleis vert det med id-nummer på dyra?</li> <li>• Korleis vert det med nummerserien?</li> <li>• Ny runde etter kommunesamanslåing?</li> <li>• Når er fylkesnr klart, slik at vi kan bestille øymerka? Har Os husdyrmerkefabrikk kapasitet?</li> <li>• Kven kan vi kontakte for oppklaring rundt dette? Kva dersom dyr fødd etter 2018 merka med gammalt nr vert levert?</li> <li>• I sommar skulle eg levere eit dyr som hadde misst begge øymerka, men Os Husdyrmerkefabrikk var feriestengt. Os bør unngå full feriestenging.</li> <li>• Kva skal til for å få gjennom investeringar ved anlegget på Steinkjer raskare? Anlegget er svært godt drive, og beslutningar som genererer lønsomheit må gjerast raskare enn i dag.</li> <li>• Allereie for 2 veker sidan var det vanskeleg å finne fåralkjøt i butikk i Gjemnes. Kva er årsaka til det?</li> <li>• Nettbutikkar og netthandel må vidareutviklast, i alle fall til oss eigarar, inkl heile og halve slakt.</li> <li>• Varene våre må visast i butikkane, så eg plukkar fram varene så dei visast, og skubbar kanskje unna varene til andre aktørar. Er det lov?</li> <li>• Spar Hegra sel mykje kyllingprodukt, bestilte og fekk ikkje varene fordi Nortura ikkje kan levere. Tok det opp med meg, og eg fekk lister over bestilling og levering. Vart tatt opp med grossistledet, som viste seg å ikkje ha det på lager. Var ikkje Nortura si skuld.</li> <li>• Kjemisk kastrering: Har testa det, men grisen vart sjuk og slutta å ete.</li> <li>• Var målsetjing om 10 % andel kjemisk kastrering, er det målet endra?</li> <li>• Påstand om sponing av veterinærar frå firma som produserer middel for kjemisk kastrering.</li> </ul> <p>Silje, Per, Bjørn Wæhre og Magne Trondmo kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
<p><b>15</b></p>	<p><b>Nærings- og handelspolitisk status</b></p> <p>Per orienterte om næringspolitikk etter valet etter Nortura si vurdering, aktuelle politiske saker og handelspolitiske saker. Valet i oppslutning og mandat, større spelerom for landbruket med Erna II, raud-grønt fleirtal umogeleg, full utskifting i næringskomitéen, ny næringskomité skaper utfordringar og moglegeheiter, regjeringa har ikkje fleirtal for sin landbrukspolitikk, høyrer vi ordet «landbruksreform» i denne perioden?, det politiske landskapet, fundamentet i den norske landbruksmodellen i endring og Nortura sine politiske hovudprioriteringar.</p>

<p><u>Spørsmål/kommentarer</u> frå fylgjande: Kolbjørn Frøseth og Lars Oddbjørn Størseth</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Har Nortura vurdert evt politiske samansetjingar dersom Venstre kjem inn i regjeringa?</li><li>• Knut Storberget vart det brukt mykje ressursar på på opplæring. Samarbeider samvirka om opplæring av nye?</li></ul> <p>Per kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
--

Lars Morten Rosmo  
(sign.)

Torill Farstad Vågen  
(sign.)

Egil Berdal  
(sign.)